

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent.

Møtedato: onsdag 26. september 2012

Frammøtte:

Frå gruppe A - Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty og Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B - Frank Weigelt

Frå gruppe C - Jan A. Johansen

Frå gruppe D - Kristin Irene Kristensen, Isabell Aga Engelsen, Mads Myrbråten

Studieleiar Hilde Haaland-Kramer var med på møtet, og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug deltok som sekretær – begge utan røyserett.

Instituttleiar byrja med å presentera nye og gamle medlemmar av rådet. Studentane (gruppe D) og dei mellombels vitenskapleg tilsette (gruppe B) har nye representantar hausten 2012.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Handlingsplan for hms er ettersendt som ekstra sak (sak 5). Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 16. mai 2012

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

A. Uthaug opplyste om dei nye rådsmedlemane og varafolka frå gruppe B og D.

B. Instituttleiar Breivik orienterte om stillingsutlysingar og nyttilsetjingar ved instituttet: Det er tilsett ein stipendiat på CONVAR-prosjektet (Persijn), men sjølv etter andre gongs utlysing er det ikkje funne nokon til den andre stipendiatstillinga, og det må derfor truleg ei ny stipendiatutlysing til. Det skal òg engasjerast ein vitenskapleg assistent i prosjektet. Den halve, mellombelse stillinga i engelsk fagdidaktikk har fått fire søkjarar, og ein komié under leiing av Anne-Brit Fenner er i arbeid med vurderinga. Instituttet har vidare bede fakultetet tilsetja David Newby som professor II på engelsk fagdidaktikk. Vidare har instituttet fått 27 søkjarar til utlyst stilling i engelsk litteratur. Randi Koppen leier komiteen. Instituttet har òg bede fakultetet om å få tilsetja Jakob Lothe som professor II. Fem personar er tilsette i frie stipendiatstillingar; fire av dei har byrja (Heermann, Nichols, Rusten og Vevle), den femte tek til i januar (Underlid). Tre personar er tilsette i stipendiatstillingar etter øyremerkte utlysingar (Hoff, Ørevik, Weigelt). Stillingane som førsteamanuensis i fransk språk og tysk litteratur ventar på endeleg godkjenning av bemanningsplanen i fakultetsstyret. Komitérapporten for professorstillinga i japansk språk er under arbeid og venteleg klar i november. Vidare er det under utlysing ei professorstilling og ei førsteamanuensisstilling i kinesisk. Spanskamerikansk litteratur er lyst ut for tredje gong, og ni søknader kom inn til fristen 14.9. Anna Polster får forlenga vikariat i administrasjonen fram til Marie Ljones er tilbake sommaren 2013. I tillegg ser det ut til – i motsetning til det instituttleiinga tidlegare har fått forståing av - at stillinga etter Line Schjolden vert vidareført i

den nye bemanningsplanen. Spanskmiljøet vil drøfta korleis denne stillinga i så fall skal lysast ut. Instituttet vil òg be om å få tilsetja i ei toarstilling på fransk.

C. Uthaug orienterte om framlegget til fakultetsbudsjett for 2013 (sjå vedlegg 1).

D. Uthaug orienterte om rekneskapsrapportane for IF pr september 2012.

E. Breivik orienterte om planane om å integrera dei nasjonale prøvane i engelsk ved Institutt for framandspråk. Planen har vore å overføra desse stillingane frå Uni Digital til IF/HF. Dette arbeidet har stoppa opp litt fordi fakultetet må få klarert kva plikter (m.a. faste stillingar) ein tek på seg om ein tek imot dette senteret. Fakultetet arbeider med ei juridisk avklaring.

Sak 4 – Høyring om ny bachelorgrad ved fakultetet

Saka har vore drøfta grundig internt ved instituttet, gjennom høyring i programstyra (faga), drøfting i UUI og på instituttseminar, før saka no kjem opp til vedtak i instituttrådet.

Hagen bad om å få ettersenda synspunkt frå italienskfaget.

Ingen debatt om saka i møtet.

Vedtak (samrøystes): Rådet sluttar seg til konklusjonane i det vedlagde notatet frå instituttleiar og undervisningskoordinator.

Sak 5 – Handlingsplan for hms-arbeidet ved instituttet i 2012 og 2013

Koppen etterlyste eit punkt om det fysiske miljøet og allergiar og plager nokre har hatt på kontora. Ho spurde korleis instituttet tenkte seg å følgja opp dette feltet og meinte det i ein del tilfelle hadde gått for lang tid med avklaringa av slike saker. Instituttleiinga inkluderer eit punkt om innklimaet i den endelege hms-planen. Uthaug meinte ein burde be fakultetet setja av eit par avlastningskontor i Villaveien til akutt bruk i slike saker.

Johansen ville ha med eit punkt om hms-møte og –runde. Dette siste følgjer av regelverket, men instituttleiar såg ikkje noko i vegen for å ta det inn i handlingsplanen.

Vedteke (samrøystes): Rådet sluttar seg til den vedlagde handlingsplanen for 2012 og 2013 med dei tillegga som kom fram i møtet (Koppen og Johansen).

Sak 6 – ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef